

Velfortent pris til Pål Haugland.

17.04.2016



Velfortent påskjøning til Pål Haugland

Fredag var det eit stort arrangement i Kulturhuset Husnes der Tv-profilen og den tidlegare toppsyklisten Dag Otto Lauritzen heldt føredraget Alt er mulig. Det var også utdeling av fire Alt er mulig-prisar. Svært så fortent var vinnaren av det eine stipendet Pål Haugland, ei påskjøning for frivillig innsats gjennom meir enn 40 år.



[Her ser vi litt av frivilliginnsatsen til prisvinnaren](#)

Det kom inn framlegg på 16 kandidatar til stipend, og i tillegg til Pål vart det også delt ut til juniorlandslagsspelaren i handball, Tina Abdulla, som nett er tatt opp til elitelaget til Tertnes, Valeparken og Frivillige i Rosendalsona. Alle fire er svært verdige mottakarar. Kvar pris var på 5000 kroner.

I søknad og grunngjeving for Pål Haugland stod det mellom anna at han fekk stipendet for arbeidet han har gjort for skigruppa i Uskedalen. Han er ei ekte eldsjel, og har dratt med seg born og unge på treningar fleire gonger i veka i over 40 år. Framleis driv han med dette, og er ein stor inspirator for dei som er med. Fleire gonger i veka køyrer han til Fjellhaugen med bilen full av ungdommar.

Det var Svanhill Haugland som hadde sendt inn framlegg på Pål, og ho hadde nok heile bygda bak seg i det gode framlegget sitt! Pål Haugland var ikkje til stades under utdelinga.

Tysnes Sparebank, Fylkesnes Bil og Sunnhordland Trafikkopplæring stod bak stipendutdelinga, og arrangementet var i samarbeid med idrettslaget Trio.

Då eg prøvde å koma i kontakt med stipendvinnaren søndag, let ikkje det seg gjera. Den spreke 70-åringen var nemleg på veg til topps på Ulvanåso.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor inge Døssland